

Pressemelding torsdag 4. april 2019

Førdefestivalen slepper heile programmet for jubileumsfestivalen i 2019.

Førdefestivalen feirar 30 år med gjensyn og mangfald

Garifunarytmar frå Belize, cajun frå Louisiana, duduktonar frå Armenia, ein dose russisk galskap, fado frå Portugal, balkansk blåsekurs, vaskebrettkurs med cajundronning, skotske reelar og svensk-norsk festmusikk - det er duka for musikalisk mangfald når Førdefestivalen feirar sine første 30! -30 år utan grenser! er temaet for året, og programmet byr på mange fine gjensyn, men også møte med nye spennande artistar, fortel Per Idar Almås. Torsdag 4. april sleppte han sitt første program som direktør for Førdefestivalen.

Festival i fem kommunar

Førdefestivalen inviterer i år til konsertar i fem kommunar. -Det er utruleg flott å kunne vere til stades i nabokommunane våre, seier Almås, og avslører at Haavebua i Florø får besøk av **RURA**, ei av dei mest etterspurde folkemusikkgruppene i Skottland. På Gloppen Hotel blir det ekte cajun med **Sarah Savoy Trio**. Jakob Sande-tunet i Fjaler blir perfekt ramme for nordnorske viser med **Fotefar & Julie Alapnes**, og i Jølster byr festivalen på akustiske møte i idylliske Jølstramuseet i tillegg til ein eksklusiv konsert med **Hemsing/Larsen To Damer To Herrer** i låven på Fjordamattunet.

'NY' laurdag

Laurdagen arrangerer festivalen for første gong morgonkonsert på Hafstadfjellet, og i staden for festivalfrukost, blir det i år festivalbrunsj i parken. -Førdefestivalen ønskjer å satse meir på den flotte arenaen på Festplassen, fortel Almås, som ønskjer velkomen til ein to timar lang festivalbrunsj i parken, med mat, konsertar og marknad i samarbeid med Norske kokkers meisterlaug Sogn og Fjordane og Rekoringen Førde. Seinare på dag blir det gjensyn med russiske **Otava Yo** som har hatt enorm suksess internasjonalt sidan dei var her i 2015. Dei er også stjerner på YouTube, med bortimot 24 millionar visningar på sin mest populære musikkvideo. I år får du også oppleve dei med dansarar i ein spektakulær 'tømmerstokk-battle'.

Populære gjensyn

I år vil mange trufaste publikummarar få oppleve nokre av sine favorittmusikarar i Førde. Dei polske yndlingane i **Kroke**, som også får besøk av mongolske **URNA** på scena. Det svensk-norske festbandet **SVER**, som er betre enn nokon gong. Trekkspel-virtuosane i **Samurai accordion** får du høyre igjen, og svenske **Triakel** kjem. Ikkje minst får publikum oppleve dei ungarske legendene, **Muzsikas** igjen i Førde, og dei iranske søstrene **Mahsa og Marjan Vahdat**, som står for den populære kyrkjekonserten. -Og endeleg har vi klart å få **El Tanbura** frå Egypt tilbake på festivalplakaten, seier arrangementssjef Sølvi Lien, som satsar på at dei flotte veteranmusikarane klarer å smelte publikum på same måte som dei gjorde på midnattskonserten på elvebreidda for meir enn ti år sidan.

Nytt frå fjern og nær

-Det spennande med festivalprogrammet i Førde, er at så mange av artistane ikkje har spelt i Norge før, og såleis er ukjende her, trass i at dei er store både i heimlanda sine og internasjonalt, seier Almås, som også nemner at mange av artistane festivalen presenterer er på veg opp, og kanskje når toppen nokre år etter at dei spelte i Førde. Mykje tyder på at **SARA CORREIA**, som har konsert fredag 5. juli i Førde, blir den nye store fadostjerna.

Andre nye namn i Førde er **The Garifuna Collective** og **Dizu Plaatjies & Ibuyambo**, som begge spelar på dansefesten laurdag kveld. Førstnemnde har redda garifunamusikken i Belize frå å døy ut, og kjem med uimotståelege karibiske rytmar, medan dei neste serverer fengande musikk frå Sør-Afrika.

To nye produksjonar

Satsinga på nye produksjonar på festivalen held fram. -Det er utruleg flott at vi kan følgje opp det fine Arvesølv-samarbeidet i 2017 med ny konsert i jubileumsåret, seier Synnøve S. Bjørset i Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. I år er det **Marita Vårdal Igelkjøn, Britt Pernille Frøholm, Helge Sunde og Viljar Losnegård** som skal på skattejakt blant 16000 lydopptak i folkemusikkarkivet. Dei fire skal presentere gammalt materiale, men og la seg inspirere til å lage ny musikk. Årets konsert har fått tittelen **Perler av elde**.

I ein ny produksjon for born, **Den underlege draken**, tek **Gro Marie Svidal, Hildegunn Hovde og Silje Risdal Liahagen** tak i dei mange spennande mytane som finst kring draken frå langt tilbake. -Vi kombinerer tradisjonelt slåttespel med nyskriven musikk, improvisasjon og elektronikk, seier Svidal, som gler seg til å invitere små og store born inn i ei spennande drakehole av rytmar og rørsler.

Folkemusikkinstrument i alle fasongar

Ein folkemusikkfestival er også eit høve til å studere eit breitt spekter av folkemusikkinstrument. Timple er til dømes Kanariøyane sin versjon av ukulela frå Hawaii, cavaquinhoen frå Portugal og Brasil, charangoen frå Andes og quatroen frå Venezuela, og alle desse er representerte når timple-meisteren **Germán Lopez** og hans musikarar frå Kanariøyane kjem med konserten: **Timples and other small guitars**.

I Armenia er det treblåseinstrument som gjeld. Herifrå hentar festivalen treblåsefenomenet **Norayr Kartashyan**. I prosjektet Menua har han med seg fem unge musikarar og ein moderne versjon av vakker og tidlaus folkemusikk på nasjonalinstrumentet duduk og andre blåseinstrument han sjølv har skapt. **Ross Daly** er iren som forelska seg i den greske lyra, og gjorde grekar av seg. Daly har studert folkemusikk rundt i heile verda, men særleg i Midt-Austen. Musikk er for han meir enn eit levebrød: Musikken er språket mitt i dialogen med det eg opplever som heilag.

Fotoutstilling blir til under festivalen

To som er ekstra fascinerte av alle dei vakre instrumenta og musikarane som kjem til festivalen, er fotografane **Oddleiv Apneseth og Andreas Eikeseth Nygjerd**. I år skal dei lage fotoutstilling under festivalen der dei portretterer musikarar og instrumenta deira. -Ideen om fotoutstillinga har vi hatt nokre år, fortel dei to fotografane, som kvar dag skal produsere fire portrett i storformat som vert monterte i Førdehuset. Utstillinga har tittelen: Artistar og instrument - eit fotoprojekt, og vert opna torsdag 4. juli.


FOR INTERVJU, FOTO og GENERELL INFORMASJON:

Torill Faleide, kommunikasjonssjef – mobil 90 73 85 27 – e-post: torill.faleide@fordefestival.no

Per Idar Almås, direktør – mobil 91 54 56 03 – e-post: peridar.almas@fordefestival.no

Artistar på Førdefestivalen 2019:

Kroke PL Muzsikás HU The Garifuna Collective BZ Sara Correia PT Otava Yo RU Dizu Plaatjies & Ibuyamo ZA Marko Markovic Brass Band RS Triakel SE Ross Daly Quintet GR Sver NO/SE Rura GB Germán Lopez ES Anandi Bhattacharya IN Hemsing/Larsen - To Damer To Herrer NO Sarah Savoy Trio US Mahsa & Marjan Vahdat IR/NO Urna MN Muzykanci PL Norayr Kartashyan & Menua AM Karl Seglem NO El Tanbura EG The Forbidden Orchestra SE/IQ/AR/PS Solo & Indré SN/NO/LT Vassvik NO Timples and other small guitars ES Furebotten/Amper/Haltli NO/SE Samurai accordion IE/FI/IT Aslak Brimi Kvartett NO Lendmenn NO Fotefar & Julie Alapnes NO Floating Sofa Quartet DK/SE/FI Jo Einar Jansen NO Johanne Flottorp NO Svidal/Hovde/Risdal Liahagen NO Vårdal Igelkjøn/Frøholm/Sunde/Losnegård NO Gabriel Fliflet NO Jens Linell SE Gamlebanken spelemannslag NO Bente Hemsing og Stein Villa NO Ein haile halve maone NO Indre Sunnfjord Spelemannslag NO +++



Førdefestivalen er eitt av dei største fleirkulturelle arrangementa i Norge, og største festival for akustisk folkemusikk og verdsmusikk i Skandinavia. Kvart år vert omlag 300 artistar frå heile verda presenterte gjennom rundt 90 arrangement. Totalt besøkstal er 25-30 000 per år. Sidan 2010 har Førdefestivalen vore kåra til ein av dei 25 beste i sitt slag av det internasjonale tidsskriftet Songlines, og er også ranka på eksklusive festivallister i the Guardian og hos National Geographic Travel. HKH Kronprinsesse Mette-Marit er høg beskyttar for festivalen som 3.-7. juli vert arrangert for 30. gong. Programinformasjon og andre opplysningar på www.fordefestival.no



Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Angedalsvegen 5, 6800 Førde, Norway • Tel. (+47) 46 90 50 10

Bank: 3720.14.95688 • Org. Nr. NO 971 364 874 MVA - • E-mail: info@fordefestival.no

www.fordefestival.no